



Bremanger kommune

JournalpostID: 17/4182
Sakshandsamar: Inger Hilde
Dato: 18.05.2017

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
065/17	Formannskapet	01.06.2017
032/17	Kommunestyret	15.06.2017

Handsaming av reguleringsplan bustadfelt Kolset etter innkomne merknader

Vedlegg:

201506077-4Fråsegn til offentleg ettersyn av reguleringsplan for bustadfelt B1, Kolset - Bremanger kommune (L)(23079)
Fråsegn til føreslegen detaljreguleringsplan for bustadfelt B1, Kolset (L)(23149)
Reguleringsplan Kolset bustadfelt, plankart
Planomtale_02.02.2017 (L)(14015)
FØRESEGN 03.02.17
ROS-analyse_02.02.17 (L)(22834)

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Detaljreguleringsplan for bustadfelt B1, Kolset, plan-id 1438.2015.01, blir vedteken med følgjande tillegg til føresegnene til landbruksføre mål, LN1: *Planføre målet heimlar alminneleg skogskjøtsel med tynning og plukkhogst.*

Vedtaks som innstilling frå Formannskapet - 01.06.2017

Formannskapet rår kommunestyret til å gjere eit slikt vedtak:

Detaljreguleringsplan for bustadfelt B1, Kolset, plan-id 1438.2015.01, blir vedteken med følgjande tillegg til føresegnene til landbruksføre mål, LN1: *Planføre målet heimlar alminneleg skogskjøtsel med tynning og plukkhogst.*

Bakgrunn for saka:

Planframlegg for utviding av bustadfeltet på Kolset har vore til ettersyn, og innkomne merknader skal handsamast, med eventuelle endringar av plan, før vedtak

Kommunestyret 15.06.2017:

Handsaming:

KST- 032/17 Vedtak:

Detaljreguleringsplan for bustadfelt B1, Kolset, plan-id 1438.2015.01, blir vedteken med følgjande tillegg til føresegnene til landbruksføre mål, LN1: *Planføre målet heimlar alminneleg skogskjøtsel med tynning og plukkhogst.*

Formannskapet 01.06.2017:

Handsaming:

FSK- 065/17 Vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjere eit slikt vedtak:

Detaljreguleringsplan for bustadfelt B1, Kolset, plan-id 1438.2015.01, blir vedteken med følgjande tillegg til føresegnene til landbruksføre mål, LN1: *Planføre målet heimlar alminneleg skogskjøtsel med tynning og plukkhogst.*

Aktuelle lover, forskrifter avtale mm:

Plan- og bygningslova § 12-3

Saksopplysningar:

Det er kome inn følgjande merknader:

Sogn og Fjordane fylkeskommune, kulturavdelinga Det er utført kulturminneundersøking i området, og det er ikkje påvist automatisk freda kulturminne. I føresegnene til planen er det innarbeidd kravet i kulturminnelova om å melde frå ved mogelege funn. Dei har elles ikkje merknader.

Statens vegvesen viser til deira merknad ved planoppstart, og etterspør omsyn til denne i planen. Dei føreset at planen ikkje er i strid med deira interesser i reguleringsplanen for Bremangersambandet del 2, fv 616, og bed om at byggjegrænse til gangvegen blir auka frå 8 til 10 m.

Vurdering: Kommunen kan ikkje sjå å ha motteke merknaden ved planoppstart, og har bede om å få denne tilsendt. Vi har motteke denne no. Dei viser her til vegnormalane for planlegging av vegar, og til at konsekvensar for reguleringsplan for fylkesveg skal avklarast med dei. Vidare skal gjeldande byggjegrænser leggjast i plan. Ein kan ikkje sjå at planen rårkar tilhøve som kan vere til ulempe for fylkesvegen. Det er avgrensa byggjeområde på arealet for bustadføre mål ved gangvegen. Det er difor ynskjeleg å halde på byggjegrænse på 8 m.

NVE melder at det er positivt at det er sett byggjegrænser mot elvelaup med flaumfare, men rår til at byggjeområdet BF1 får endra avgrensing slik at det ikkje inngår i faresone jord- og flaumskred i det heile. Dei peikar vidare på at det TEK 10 har krav til tryggleik for tilrettelagt leikeplass, og at grensa for leikeområdet f_BLK 1 også må endrast slik at leikeområdet er utanfor faresone jord- og flaumskred. Eventuelt kan det setjast krav i føresegnene til fagleg utgreiing av faren før evt anlegg av leikeplass.

Vurdering Grunna det avgrensa byggjeområdet for bustader, har ein ynskje om at deler av tomt kan kunne nyttast som hageområde, der det ikkje kan byggjast bustader eller

garasje/uthus, for varig eller sporadisk opphald, eller anna tiltak som er omfatta av byggteknisk forskrift, TEK 10. For leikeområdet er denne tenkt som eit naturområde med lite opparbeiding. Det er kort avstand til skule med opparbeidde leikeområde. Det ligg i føresegnene til farseone jord- og flaumskred at det ikkje er tillate med bygningsmessige tiltak innafør faresona. Ein meiner tryggleiken er ivareteken slik planen er utforma.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane peikar på at det er avdekka risiko i høve manglande sløkkjevasskapasitet, og at dette ikkje er følgt opp. FM viser vidare til at arealet regulert til landbruk, bør opne for alminneleg skogskjøtsel. Vedkomande born og unge, ynskjer FM at det blir sett krav om at opparbeidd leikeplass skal vere klar til bruk samstundes med tomtane.

Vurdering Sløkkjevasskapasitet og framkome for utrykningskøyrety blir teke opp med brannvesen før prosjektering av infrastruktur for bustadfeltet, og vil såleis bli ivareteke. For det regulerte landbruksarealet føyast til føresegnene at «planføremålet heimlar alminneleg skogskjøtsel med tynning og plukkhogst». Leikeplassen i planen skal vere ein naturleikeplass. Det er ikkje naturleg med krav om at den skal opparbeidast og vere klar samstundes med tomtane.